



BKK Nett AS
Kokstadvegen 37
5020 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/3809 - 15/36882

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:
08.12.2015

Svar på førelegging av tiltak - 2 transformator kioskar - gbnr 233/6 Eide Indre og gbnr 231/4 Bjørsvik

Viser til førelegging av tiltak datert 29.10.2015, som er tillegg til føreleggings sak frå 2011 for anlegget Seim – Heggertveit – Eidetræ - Padøy.

Tiltaket

er 2 transformator kioskar Bjørsvik Vest på gbnr 233/6 og Bjørsvik Aust på gbnr 231/4. Kioskane skal erstatta eksisterande mastetransformatorar.

Handsaming

Tiltaket kjem inn under tiltak unnateke frå søknad etter SAK § 4-3jf rettleiar HO-1/2006 *elektriske anlegg og kraftledningar*

Vurdering og føresetnader

I forhold til det totale anlegget Seim – Heggertveit – Eidetræ – Padøy utgjer desse trafokioskane svært små tillegg/endringar.

Lindås kommune sine avdelingar for veg, for vatn og avløp, byggesak og arealplan har tidlegare fastsett kriteria som skal leggest til grunn for at saka skal kunna få ei forenkla handsaming frå kommunen si side:

- Nettstasjonen skal plasserast min. 5 m frå vegkant, slik at det vert sett av plass til gang- og sykkelveg og grøft. Mindre avstand må godkjennast særskilt av vegavdelinga.
- Tiltak må ikkje komma i konflikt med leidningar for vatn og avløp.
- Må ikkje komma i konflikt med siktsone for vegkryss eller avkjørsle.

Generelle krav ved arbeid nær kommunale anlegg og kommuneveg:

1. Det skal søkast om graveløyve for arbeid i /ved og over offentleg veg (gjeld også luftstrek).
2. Langsføring og kryssing av kommunale VA-leidningar skal søkast om, og det skal ligga føre løyve frå VA-avdelinga.
3. Arbeida skal utførast i samsvar med kommunen si *VA-norm og Tekniske bestemmelser*.

4. Det skal dokumenterast at utførande entreprenør har innhenta naudsynte opplysningar om installasjonar i området.
5. Når arbeid i marka startar, skal teknisk drift (VA-avd. og vegavd.) varslast

Konklusjon

Ut over dette har ikkje Lindås kommune særskilte merknader til førelegginga

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
BKK Nett AS

Kokstadvegen 37 5020

BERGEN